

Ingrid vatne
Ristevegen 19A
6100 volda

Volda 02.11.2020

Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda

**Merknad- detaljreguleringsplan for Rotsetfjøra, gbr. 30/157, 30/286 m. fl.
Dykkar ref: 19/10028 20/16266**

Syner til mottekja varsling vedkomande ovanfornemde, og vil her kome med våre merknadar.

Det er no tredje gong denne detaljreguleringsplanen vert lagt ut sidan 2017, dette ser vi på som klønete og som ein planlagd utmattingstaktikk for oss berørte, for så å tilgodesjå profithungreige utbyggjarar. Planen burde ikkje vore tillete fremja før overordna plan vert vedteken.

Når det er sagt så kan vi ikkje sjå at reduksjon med 1 etasje gjær sol/lysforhold, verdiforringelse og tap av utsyn betre for oss enn i det første forslaget.

Golv i min bustad ligg på kote +10, så den ytterste blokka som er innteikna på planen vil ligge som ein 12 meter høg vegg som sperrar mot fjorden og tek frå oss all sjøutsikt me har i dag, samt vintersol dei månadane vi set mest pris på ho.

Estetikk til eksisterande omkringliggende/bakanforliggende begygglelse vert ikkje hensyntatt i det heile tatt ved å plassere desse profittkolossane som ei sperre mot fjorden. Planmynde bør her vise at dei hensyntek allereide eksisterande bebyggelse/bebuarar og set krav til ny bebyggelse som alle kan leve med.

Vil også på vegne av, Sameiget Ristevegen 19, dersom planen mot formodning skulle verte godkjend varsle krav om innløysing av areal som i dag er kommunal veg(Ristevegen) Reknar med andre berørte tomteeigarar vil kreve det same.

Reknar også med at godkjent VA-anlegg vert ordna av kommunen før ei evnt. byggemelding vert godkjent, i dag sprutar kloakken urensa rett i fjorden så å kople på fleire bustadar må vel være uaktuelt.

Med helsing

Ingrid vatne

Per Rangsæter

